

## Gaukunar og antistress-pris

”Gaukongar II” er namnet på revyen som har premiere i samfunnshuset i Suldal fredag. Innslaga spenner frå aktuelle politiske saker til meir kvardagslege situasjonar. I samband med revyen blir også ”Antistress-prisen” delt ut til ein suldøl som har eit glødande engasjement og innsats for heimbygda si. Det blir også utdelt andre

udøypte prisar som revygjengen, Terje Bråtveit, Atle Ingar Vold og Jan Erik Kristensen, ikkje vil røpa kva er. Kanskje desse prisane ikkje er like populære å få?

Det er ikkje første gongen denne gjengen arrangerer revy. Dei har nemleg alle tre arbeidd med teater og revy i 27-28 år.

## Ja til auka utslepp

Formannskapet var onsdag positive til at smelteverket får auka utsleppa når omn 11 blir oppgradert for større produksjon.

Saksbehandlar Jostein Overskeid kunne opplyse at smelteverket framleis vil halde seg godt innanfor maksimumsgrensa for giftige utslepp.

– Men smelteverket må likevel fortsette med å arbeide for stadig mindre utslepp, meinte Klara Tveit (SV).

## Politiet provoserte

Mange saudabuar blei provosert av å lesa Ryfylke på fredag, der politiet sa at dei ikkje kjente til mykje råkjøring i bygda for tida.

– Det provoserte tydelegvis mange. Fleire har kontakta oss og fortalt om mykje uvettig bilkjøring i Sauda, seier lensmann Randi Kalvik.

Ho rår folk som observerer uvettig og farleg bilkjøring om å skriva ned registreringsnummer og kontakta politiet.

## Pengar funne

Lensmann Randi Kalvik fortel at politiet har fått i hende eit større pengebeløp som er funne i eit sentrumsområde. Ho vil ikkje gå i detaljar om beløp eller kva pengane låg i.

– Det er såpass mykje pengar at dei som har mista dei, truleg veit om det, seier Kalvik.

Den som saknar pengane sine kan ta kontakt med politiet.

# Ja til Stavanger 2008

## Sauda kommune sa ja til å garantere for fire millionar kroner til neste års Stavanger 2008-arrangement i Svandalen.

■ FRANK WAAL

Gruppeleiarane i dei politiske partia i Sauda vart torsdag kveld einige om at Sauda kommune stiller som garantist for fire millionar kroner til Stavanger 2008.

Arrangementet vil koste svimlende 9,4 millionar kroner og vil foregå i Djuvsbotn i Svandalen.

– Fire millionar kroner er ei absolutt ramme for oss. Det er ikkje aktuelt å garantere for meir pengar seinare, seier gruppeleiar i Arbeidarpartiet, Espen Thompson.

Av dei fire millionane har fylkeskommunen varsla at dei stiller med ein million kroner. Men Thompson understrekar at planen ikkje er at arrangementet skal koste Sauda kommune tre millionar kroner, som står att.

### Næringslivet positive

– I løpet av torsdag vart delar av næringslivet i Sauda kontakta. Tilbakemeldinga var at næringslivet hadde eit sterkt ønske om at dette arrangementet vart gjennomført og at næringslivet var villige til å bidra. Dette var eit viktig moment

for at me valde å seie ja, forklarar Thompson.

Kor mye Sauda kommune til sjuande og sist må betale for arrangementet, er det ingen i dag som veit. Men det er tydeleg at politikarane har vore villige til å tøy strikken langt for at Sauda skal stå på kartet når fokuset blir retta mot Stavanger 2008 neste år.

### – Langt igjen

Espen Thompson understrekar at det framleis er langt igjen før arrangementet er i boks.

– Dette er eit av dei store arrangementa til Stavanger som europeisk kulturby. Me har sagt ja til våre forpliktelser slik at prosjektet kan gå vidare, så får me sjå kva som skjer, seier Thompson.

Han meiner garantien Sauda kommune nå stiller er eit stort steg vidare for at Sauda om ni månader kan få eit stort kunstnarisk arrangement i norsk toppklasse.

frank@ryfylke.net

**GLAD FOR JA:** – Eit viktig arrangement for Sauda. Marknadsverdien blir stor, meiner Ragnar Fosstveit, som sit i den lokale Stavanger 2008-gruppa. Fosstveit er glad politikarane stiller garanti for neste års 2008-arrangement.



## Fakta:

”Mot Himlaleite” skal ha premiere 6. mars neste år i Djuvsbotn i Svandalen.

Totalt blir det tre forestillingar og det er rekna ein publikumskapasitet på 3-4000 tilskodarar kvar kveld.

Dans Design har det kunstnariske ansvaret, som dei og hadde under opningssermoneien til Lillehammer-OL.

## Skuffa over energi- og miljøkomiteen

■ ARVID HORPESTAD

Mot stemmene til Torbjørn Andersen, Tord Lien og Keteil Solvik-Olsen, rår energi- og miljøkomiteen Stortinget til å seia nei til fornya behandling av vernet av Åbødalsvassdraget.

Fleirtalet, Asmund Kristoffersen, Ann-Kristin Engstad, Tore Nordtun, Torny Pedersen, Karin Yrvin frå Arbeidarpartiet, Børge Brende og Ivar Kristiansen frå Høgre, Heidi Sørensen frå Sosialistisk Venstreparti, Line Henriette Holten Hjemdal frå

Kristeleg Folkeparti, Ola Borten Moe frå Senterpartiet og komiteleiar Gunnar Kvassheim frå Venstre viser til at vassdraget vart grundig utgreia i samband med Saudautbygginga og at Stortinget fatta sitt vernevedtak basert på grunnlagsmaterialet som låg føre om Åbødalsvassdraget.

Komiteedlemene frå Framstegspartiet er skuffa over det dei oppfatar som stortingsfleirtalets lettvinde behandling av ei viktig og prinsipiell sak og meiner demokra-

tiske forvaltingsprinsipp ikkje vart følgd sidan berørte partar ikkje vart høyrte i forkant av vernet.

– Det mest oppsiktsvekkande er at både Senterpartiet og Arbeidarpartiet som var skeptiske til denne framgangsmåten då Stortinget behandla saken sist, nå vel å godta dette etter at dei er kome i regjering. Dette viser at alle fest- og valtalane om kor viktig det er med lokaldemokrati ikkje er noko anna enn tomt prat og flosklar frå desse partia, kommenterer

Øyvind Vaksdal, stortingsrepresentanten frå Framstegspartiet som fleire gonger har prøvt å få Åbødalsaka opp att.

Stortinget får innstillinga frå energi- og miljøkomiteen på bordet komande fredag.

arvid@ryfylke.net